<https://www.sykehusinnkjop.no/4b01f0/siteassets/bilder/nyheter/2024/gransking-teva/kpmg-targeted-research-teva-december-2024.pdf>

²³⁹ Anbefaler ikke å avslutte kontrakter med Teva. (2025). Sykehusinnkjøp.

<https://www.sykehusinnkjop.no/nyheter/nyheter-2025/anbefaler-ikke-a-avslutte-kontrakter-med-teva/>

²⁴⁰ Eriksen, K. F. (2025, 20. mars). Sykehusinnkjøp betalte 200.000 for Teva-rapport. Dagens Medisin. <https://www.dagensmedisin.no/legemidler-sykehusinnkjop-hf-teva-pharmaceuticals/sykehusinnkjop-betalte-200000-for-teva-rapport/679687>

²⁴¹ Fiskaa, I. (2025, 26. juni). Skriftlig spørsmål fra Ingrid Fiskaa (SV) til helse- og omsorgsministeren [DOK15]. Stortinget.

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Sporsmal/Skriftlige-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qnid=105177>

Støtte til militær virksomhet

Etter 7. oktober 2023 har Teva gitt aktiv støtte til Israel Defence Forces i form av donasjoner og samarbeidsprogrammer, særlig etter 7. oktober 2023.²⁴² Ansatte i Teva har blitt fristilt til å tjene i IDF's reservestyrker, og det er rapporter som indikerer at til og med en person i Tevas ledelse har vært i aktiv tjeneste.²⁴³ Tevas CEO omtalte Teva som “part of the war” i en uttalelse fra sent 2023.²⁴⁴

Selskapet har donert betydelige beløp til Pitchon Lev som direkte understøtter krigen,²⁴⁵ og samarbeidet med denne organisasjonen om innsamling av militært utstyr på sine fem kontorer i Israel. Det er blitt samlet inn viktige gjenstander for soldater, som skuddsikre vester, hjelmer, hodelykter, drikkesystemer, værbestandige drakter, gassmasker, feltsenger, telt, hygieneartikler og sesongklær.²⁴⁶

I et tilsvarende i Dagens Medisin hevder Teva at Pitchon Lev er en apolitisk aktør.²⁴⁷ Det stemmer ikke. Tidlig etter 7. oktober samlet parlamentsmedlemmer seg i organet “Knesset War Room” og utnevnte Pitchon-Lev til offisiell innsamler av nasjonale og internasjonale bidrag direkte til krigsinnsatsen, inkludert utstyr, legemidler og sanitærmidler til soldater.²⁴⁸ Organisasjonen ble utnevnt til krigsinnsats av parlamentsmedlemmer fra Religious Zionist Party (RZP), Shas, Yisrael Beytenu, National Unity, United Torah Judaism (UTJ), Likud. Dette inkluderer partier som (RZP) med sin sterke nasjonalistiske holdning, støtte til utvidelse av bosetninger på Vestbredden; Yisrael Beiteinu et høyreorientert med hardlinjet sikkerhetspolitiske og nasjonalistiske standpunkter, UTJ og Shas: Begge er ultraortodokse (harediske) som fokuserer på religiøse og sosiale spørsmål.²⁴⁹

²⁴² KPMG. (2024). *Teva Pharmaceutical Industries Ltd: Targeted Research*. KPMG og sykehusinnkjøp.

<https://www.sykehusinnkjop.no/4b01f0/siteassets/bilder/nyheter/2024/gransking-teva/kpmg-targeted-research-teva-december-2024.pdf>

²⁴³ KPMG. (2024). *Teva Pharmaceutical Industries Ltd: Targeted Research*. KPMG og sykehusinnkjøp.

<https://www.sykehusinnkjop.no/4b01f0/siteassets/bilder/nyheter/2024/gransking-teva/kpmg-targeted-research-teva-december-2024.pdf>

²⁴⁴ <https://www.declassifieduk.org/the-israeli-firm-aiding-the-nhs-and-idf/>

²⁴⁵ Teva 2023 Healthy Future Report

<https://www.tevapharm.com/globalassets/tevapharm-vision-files/teva-esg-progress-report-2023.pdf> (2023, s. 25-26)

²⁴⁶ *International solidarity: World joins hands to aid Israel's post Hamas attack*

<https://www.ynetnews.com/article/sjyjufl111a>; *Classified doc reveals extent of demand for military equipment at start of war* <https://www.jpost.com/israel-news/article-824160>

²⁴⁷ Eriksen (2024). *Helsepersonell vil ha slutt på legemiddelhandel med israelsk firma*

<https://www.dagensmedisin.no/helse-sor-ost-rhf-legemidler-oslo-universitetssykehus-ous/helsepersonell-vil-ha-slutt-pa-legemiddelhandel-med-israelsk-firma/659015>

²⁴⁸ *Pitchon-Lev has been chosen as a partner by the Knesset. Here is why.*

<https://www.jpost.com/israel-news/article-777492> Takk for informasjon fra Ingrid Egner ved OUS.

²⁴⁹ *Pitchon-Lev has been chosen as a partner by the Knesset. Here is why.*

<https://www.jpost.com/israel-news/article-777492>.

Teva har ifølge årsrapporten for 2023 donert medisiner og penger til Friends for Health (Havarim Le'Refuah), som støtter IDF direkte.²⁵⁰ Teva leier også lokale av Amot Investments, som har virksomhet på okkupert område (Ariel bosetning, se rapport om Amot av Farstad). Teva har også åpnet for å operere i Modi'in Maccabim Re'ut, som ligger delvis på okkupert land (Latrun Salient).²⁵¹ Per 1. oktober 2025 er det ingen stillingsutlysninger i Modi'in, se vedlegg 1.

I "Healthy Future Report" for 2024 refererer ikke Teva eksplisitt til krigen i et eget avsnitt, eller til Picheon Lev eller Friends for Health/Havarim Le'Refuah.²⁵² Sammenlignet med 2023-rapporten er formuleringene mer vage når det gjelder samarbeid med den israelske staten og israelske NGOer. Mangelen på omtale av etiske dilemmaer knyttet til OPT i denne årsrapporten er påfallende gitt situasjonen på Gaza.²⁵³ Videre undersøkelser trengs for å finne ut om Teva har avsluttet disse, eller om det er et strategisk valg å ikke trekke dem fram i en oppsummering.

Konklusjon

Rapporten viser at Tevas aktivitet i Israel i nær fortid har innebefattet operasjoner med høy risiko for bidrag til Israels okkupasjon, apartheidregime og folkemord. I likhet med rapporten fra KPMG peker vi på at Teva framstår som en aktiv støtte til Israel Defence Forces, og at Teva har minimalt eller ingen produksjons- eller kontorlokaler på okkupert område. Vi har ikke kunnet avkrefte at Teva bidrar til uetisk distribusjon av medisiner til okkuperte områder, gitt selskapets rolle i Israels økonomi og rettssaker hvor selskapet har blitt dømt for etisk tvilsomme operasjoner.

Teva har ikke tatt aktivt avstand fra Israels grove folkerettsbrudd i pressemeldinger eller årsrapporter. I takt med statens opptrapping av massedrap og fordrivelse av sivile²⁵⁴ bør etikkrådet kreve at Teva gir dokumentasjon på hvilke grep de gjør for å unngå å bidra til grove brudd på menneskerettighetene og bidrag til krenking av individers rettigheter i krig og konflikt. Ettersom etikkrådet har uttalt at israelske selskaper er lite villige til samarbeid, bør en ekskludering av Teva være nærliggende.²⁵⁵

²⁵⁰ Teva 2023 Healthy Future Report

<https://www.tevapharm.com/globalassets/tevapharm-vision-files/teva-esg-progress-report-2023.pdf>;

Medications money medical equipment Friends of Medicine evacuees IDF

<https://www.jpost.com/israel-news/article-767932> ; NGO redistributing unused drugs looks to ramp up activities during war.

<https://www.timesofisrael.com/ngo-redistributing-unused-drugs-looks-to-ramp-up-activities-during-war/>

²⁵¹ European Union: Parts of Modi'in Do Not Belong to Israel.

<https://www.haaretz.com/2012-08-14/ty-article/eu-part-of-modiin-isnt-israel/0000017f-ed65-ddba-a37f-ef6faf060000>

²⁵² Teva Healthy Future Report 2024.

<https://www.tevapharm.com/globalassets/tevapharm-vision-files/teva-esg-progress-report-2024.pdf>

²⁵³ Teva Pharmaceutical Industries. (2024). Teva Pharmaceutical Industries Ltd. - Investors.


<https://ir.tevapharm.com/investors/default.aspx>

²⁵⁴ Se uttalelse fra Cecilie Hellestveit om vurderinger og eskalering av folkerettsbruddene mot palestinerne: *Raymond Johansen retter sterk kritikk mot Oljefondet: – Det går ikke an å være bare litt gravid.*

<https://klassekampen.no/artikkel/2025-06-25/leverer-krudd-til-israel>

²⁵⁵ Yttredal (2025). *Ber Etikkrådet følge med.*

Vedlegg 1: Skjermdump fra <https://careers.teva/> 1.10.2025.



<https://klassekampen.no/utgave/2025-07-18/ber-etikkradet-folge-med>

Bank Hapoalim BM

Redigert av Sissel Rosland, 30. september 2025

Vi har funne dokumentasjon på at selskapet bidreg direkte til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar. Selskapet utgjer derfor ein uakseptabel risiko for brot på Oljefondets etiske retningslinjer.

Beslutting om utelukking august 2025

Norges Bank Investment Management meldte 25. august 2025 at Bank Hapoalim var blant bankane Noregs Bank hadde beslutta å utelukke grunna «uakseptabel risiko for at selskapene medvirker til alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner, jf. det atferdsbaserte kriteriet i Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra Statens pensjonsfond utland § 4 bokstav b).»²⁵⁶

Om selskapet

Banken er ein av dei største bankane i Israel. Bank Hapoalim B.M. blei etablert i 1921 av organisasjonane Zionist Histadrut og Histadrut General Federation of Hebrew Workers.

Per 30.06.2025 hadde Oljefondet ein eigarskap på 1,43% verdsett til 3,647,436,292 kroner (opp frå 1.39%, verdsett til 2 525 595 279 kroner per 31.12.2024).²⁵⁷ Ei rekkje institusjonar og organisasjonar har peika på at banken er involvert i okkuperte område, og fleire fond har trekt ut sine investeringar.

Vurderingar frå FN, samt ulike selskap og investeringsfond

I ein rapport frå FNs høgkommissær for menneskerettar frå 30. juni 2023 er Bank Hapoalim inkludert i kategorien «Business enterprises involved in listed activities» fordi dei er involvert i okkuperte område på følgande måte: 1) levering av tenester og verktøy som støttar vedlikehald og eksistens av busetnader (inkl. transport); 2) bank- og finansverksemd som bidrar til å utvikle, utvide eller oppretthalde busetnader (inkl. lån); 3) bruk av naturressursar til forretningsformål.²⁵⁸

²⁵⁶ NBIM. (25.8.2025). Beslutninger om utelukkelse.

<https://www.nbim.no/no/nyheter-og-innsikt/presserom/pressemeldinger/2025/beslutninger-om-utelukkelse/>

²⁵⁷ Norges Bank Investment Management. (30.06.2025). Bank Hapoalim.

<https://www.nbim.no/en/investments/all-investments/#/2025/investments/equities/2546/Bank%20Hapoalim%20BM>

²⁵⁸ FNs høgkommissær for menneskerettar. (30.6.2023). OHCHR update of database of all business enterprises involved in the activities detailed in paragraph 96 of the report of the independent International fact-finding mission to investigate the implications of the Israeli settlements on the civil, political, economic, social and cultural rights of the Palestinian people throughout the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem. <https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session31/database-hrc3136/23-06-30-Update-israeli-settlement-opt-database-hrc3136.pdf>

Fleire selskap og investeringsfond har trekt ut sin investeringar av banken eller vurdert banken som utelukka frå investeringar. Rapporten frå «Don't buy into occupation» (2024) skriv bl.a. at det franske bank- og forsikringsselskapet AXA har trekt ut sine investeringar.²⁵⁹ Bank Hapoalim inngår også som ein av seks bankar som det statlege «Ireland Strategic Investment Fund» i april 2024 annonserte at dei trekker seg ut av pga. aktivitetar i okkuperte palestinske område.²⁶⁰ I juni 2021 inkluderte KLP Bank Hapoalim på lista over selskap ein utelukkar frå investeringar²⁶¹, og banken står også på ei tilsvarande liste hjå Storebrand.²⁶² Andre selskap som tidlegare har ekskludert banken frå sine porteføljar er bl.a. det nederlandske pensjonsfondet ABP, det danske pensjonsfondet Sampension og den svenske banken SEB.

Døme på konkret involvering i okkuperte område

Nettstaden «whoprofits.org»²⁶³ trekker fram fleire konkrete døme på at Hapoalim Bank finansierer ulike prosjekt i okkuperte område:

- I mars og august 2024 ga Hasid Brothers Building Contracting Co. to lån for bygging av 54 bustadeiningar i eit område på omlag 5333 kvadratmeter i busetnadsområdet Gilo i det okkuperte Aust-Jerusalem.
- I desember 2023 ga banken Boneich Construction Development & Investment Ltd. eit lån for bygging av eit bustadprosjekt i busetnaden Efrat på landområde som høyrer til den palestinske landsbyen Artas.
- I november 2023 ga Bank Hapoalim fem lån til tre byggefirma for eit utviklingsprosjekt på 14 tomter i industrisonen Ariel West på landområde som høyrer til den palestinske byen Salafit.
- I mai 2023 ga banken Shriki Group Enterprises & Construction Ltd. eit lån på 800 millioner NIS for bygging av to tomter med ein total storleik på 15 978 kvadratmeter i busetnaden Zufim, på landområde som høyrer til den palestinske landsbyen Jayyus. Prosjektet er ein del av plan 149/11/2 for bygging av bustad- og næringsområde og offentlege busetnader på jordbrukslanda til Jayyus og den palestinske byen Azzun.
- Nettstaden skriv også at banken har gjeve lån til andre byggeselskap som er aktive i okkuperte område.

²⁵⁹ Don't Buy Into Occupation. (november 2024). Don't Buy into Occupation IV report.

https://dontbuyintooccupation.org/wp-content/uploads/2024/11/2024_DBIO-IV-report.pdf

²⁶⁰ Finansdepartementet, Den irske regjeringa (5.4.2024). Minister McGrath notes NTMA confirmation of divestment from certain investments in the Occupied Palestinian Territory. Pressemelding.

<https://www.gov.ie/en/department-of-finance/press-releases/minister-mcgrath-notes-ntma-confirmation-of-divestment-from-certain-investments-in-the-occupied-palestinian-territory/>

²⁶¹ KLP. (juni 2021). Beslutning om å utelukke selskaper med tilknytning til bosetningene på Vestbredden.

<https://www.klp.no/om-klp/samfunnsansvar/artikler/derfor-ekskluderer-klp-16-selskaper-etter-fn-rapport/Beslutning%20om%20%C3%A5%20utelukke%20selskaper%20med%20tilknytning%20til%20bosetningene%20p%C3%A5%20Vestbredden.pdf>

²⁶² Storebrand. (2024). Storebrand Exclusion List.

https://www.storebrand.com/sam/nl/asset-management/sustainability/our-method/exclusions/_/attachment/inline/db66803d-c51c-435f-b04a-f67a2bcd9796:7249f9e1d2c8e7490ae0736d47902e3c7c70ecc8/Exclusions-Q3-2024.pdf

²⁶³ Who Profits. (oppdatert 1.8. 2024). Hapoalim Bank. <https://www.whoprofits.org/companies/company/3825>

Av tidlegare konkrete aktivitetar nemner kartleggingsprosjektet «Investigate» til kveker-organisasjonen «The American Friends Service Committee», dessutan at banken bl.a. leia eit konsortium av finansinstitusjonar som finansierte ekspansjonen av «Jerusalem Light Rail» som går gjennom okkuperte område og koplar ulovlege busetnader i Aust-Jerusalem til den vesteleg delen av byen.²⁶⁴ Det finansierte også i følge «Investigate» selskapet «Superbus» sine bussruter til okkuperte område på Vestbreidda, samt ein vindmølle-park på Golan-høgda. Bank Hapoalim driv dessutan filialar i ulovlege busetnader på Vestbreidda og Golan-høgda.

Bankens aktivitetar i relasjon til retningslinene for Oljefondet

Den mest relevante paragrafen i Oljefondets retningsliner er her § 4a og § 4b:

Observasjon eller utelukkelse kan besluttes for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for:

- a. grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene
- b. alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner

Etikkrådet skriv om sine fortolkingar av paragrafane i ulike dokument, bl.a. i brev til Noregs Bank av 19.12.2024, der dei rår banken til å trekke ut investeringane i selskapet «Paz Retail and Energy Ltd».²⁶⁵ I brevet visast det til tidlegare tilfelle der rådet har anbefalt de-investering i israelske selskap:

I tidligere saker har Etikkrådet blant annet lagt vekt på om selskapenes aktivitet har betydning for at normbruddet skal kunne finne sted, og sannsynligheten for at selskapenes aktivitet eller tilknytning som kan danne grunnlag for utelukkelse, vil vedvare. Rådet har lagt vekt på om selskapenes bidrag er sporadiske eller om de har en permanent tilstedeværelse i det okkuperte området, samt om selskapene produserer og selger rent generiske produkter, eller om det er produkter eller tjenester som er spesielt tilpasset bruk i området.

I vurderinga av Paz skriv rådet vidare at:

I tråd med praksis i tidligere saker legger Etikkrådet bl.a. vekt på om Paz' virksomhet har betydning for opprettholdelsen av bosettingene utover å dekke grunnleggende behov, og at selskapet har en permanent tilstedeværelse i området.

Paz eig og driv bensinstasjonar i ni israelske busetnader på Vestbreidda og forsyner busetnadene med drivstoff. Rådet konkluderer med at:

Ved å drive infrastruktur for leveranse av drivstoff til israelske bosettinger, medvirker Paz til at bosettingene opprettholdes. Bosettingene er etablert i strid med folkeretten, og deres opprettholdelse utgjør et pågående folkerettsbrudd. Etikkrådet anser derfor at

²⁶⁴ Investigate. (U.å). Bank Hapoalim. <https://investigate.afsc.org/company/bank-hapoalim>

²⁶⁵ Etikkrådet, Statens pensjonsfond utland. (19.12.2024). Tilrådning om å utelukke Paz Retail and Energy Ltd fra Statens pensjonsfond utland. Brev til Norges Bank. <https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/sites/275/2025/05/Paz-Retail-and-Energy-NO.pdf>

Paz medvirker til folkerettsbrudd på en måte som gir grunnlag for å anbefale at selskapet utelukkes fra SPU. Det er videre ingen indikasjoner på at Paz' virksomhet vil opphøre. Etikkrådet anser derfor at den framtidige risikoen for at selskapet medvirker til grove normbrudd, er uakseptabel. På bakgrunn av det overstående anser Etikkrådet at Paz bør utelukkes fra SPUs investeringer.

Når det gjeld Bank Hapoalim BM, så finansierer banken altså som vist over, byggjeprojekt og utvikling av infrastruktur i okkuperte område. Banken bidrar dermed på ein svært direkte måte til at dei ulovlege busetnadene ikkje bare blir oppretthalde, men også utvida. Informasjonen som ligg føre, gjev også grunn til å konkludere med at verksemda er permanent. Det er derfor vanskeleg å sjå at bankens verksemd, skal kunne oppfattast som meir akseptabel enn det å drive infrastruktur for leveranse av drivstoff til israelske busetnader (jfr grunngjevinga for de-investeringa i Paz).

Det er i denne sammenhengen også verdt å merke seg FNs høgkommissærs rapport "Israeli settlements in the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan" (A/HRC/58/73)²⁶⁶ frå mars 2025 (altså gjett ut etter Etikkrådets vurdering over). Rapporten viser til at dei illegale busetnadene har blitt utvida og at overgrep mot palestinarane i dei okkuperte områda har blitt ytterlegare forsterka i perioden kartlegginga er utført (1. november 2023 til 31. oktober 2024). Rapporten peikar på at den auka overføringa av makt over det okkuperte palestinske territoriet til den sivile regjeringa i Israel legg til rette for konsolidering og utviding av israelske busetnader og tvangsflytting av den palestinske folkesetnaden. Dette har dessutan mogleggjort ei auka integrering av den okkuperte Vestbreidda i staten Israel, og institusjonaliserer i følgje rapporten langvarige mønster av systematisk diskriminering, segregering, undertrykking, dominans, vald og andre umenneskelege handlingar mot det palestinske folket, samt kontroll over dei okkuperte territoria. Rapporten viser også konkret til korleis dei israelske busetnadene stadig er blitt utvida og viser talmateriale over brot på palestinaranes rettar bl.a. gjennom restriksjonar palestinarars rørslefridom og gjennom vald frå busetjarar. Når det gjeld forpliktingane til tredjestatar i denne situasjonen, understrekar rapporten tydeleg den internasjonale domstolen (ICJ) sin rådgevande uttale av 19. juli 2024 om at "(...) States are under an obligation not to render aid or assistance in maintaining the situation created by the continued presence of Israel in the Occupied Palestinian Territory."²⁶⁷

²⁶⁶ FNs høgkommissær for menneskerettar. (18.3.2025). Israeli settlements in the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan - Report of the United Nations High Commissioner for Human Rights.

<https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session58/a-hrc-58-73-infographic-march2025.pdf>

²⁶⁷ FNs høgkommissær for menneskerettar. (18.3.2025). Israeli settlements in the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan - Report of the United Nations High Commissioner for Human Rights.

<https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session58/a-hrc-58-73-infographic-march2025.pdf>

Bank Leumi Le-Israel BM

Redigert av Sissel Rosland, 30. september 2025

Vi har funne dokumentasjon på at selskapet bidreg direkte til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar. Selskapet utgjer derfor ein uakseptabel risiko for brot på Oljefondets etiske retningslinjer.

Beslutting om utelukking august 2025

Norges Bank Investment Management meldte 25. august 2025 at Bank Leumi var blant bankane Noregs Bank hadde beslutta å utelukke grunna «uakseptabel risiko for at selskapene medvirker til alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner, jf. det atferdsbaserte kriteriet i Retningslinjer for observasjon og utelukkelse fra Statens pensjonsfond utland § 4 bokstav b).»²⁶⁸

Om selskapet

Bank Leumi er ein av dei største bankane i Israel. Banken blei grunnlagt i London i 1902 knytt til Theodor Herzl sine visjonar om å etablere ei finansiell støtte for drifta av den sionistiske rørsla i Israel.²⁶⁹ Bankens fyrste filial opna i Jaffa i 1903. Ved etableringa av staten Israel i 1948 fungerte Bank Leumi som sentralbank for den nye staten og utstedte bl.a. landets fyrste setlar.

Per 30.06.2025 hadde Oljefondet ein eigarskap på 0.36%, verd 1 018 147 030 NOK²⁷⁰ (ned frå 0.52%, verdsett til 1 053 642 567 kr per 31.12.2024). Ei rekkje institusjonar og organisasjonar har peika på at banken er involvert i okkuperte område, og fleire fond har trekt ut sine investeringar.

Vurderingar frå FN, samt ulike selskap og investeringsfond

I ein rapport frå FNs høgkommissær for menneskerettar frå 30. juni 2023 er Bank Leumi inkludert i kategorien «Business enterprises involved in listed activities» fordi dei er involvert i okkuperte område på følgande måte: 1) levering av tenester og verktøy som støttar vedlikehald og eksistens av busetnader (inkl. transport); 2) bank- og finansverksemd som

²⁶⁸ NBIM. (25.8.2025). Beslutninger om utelukkelse.

<https://www.nbim.no/no/nyheter-og-innsikt/presserom/pressemeldinger/2025/beslutninger-om-utelukkelse/>

²⁶⁹ Bank Leumi. Uå. About Leumi. <https://www.leumi.co.il/en/About-Leumi>

²⁷⁰ Norges Bank Investment Management. (30.06.2025).

<https://www.nbim.no/no/investeringene/investeringsoversikt/#/2025/investments/equities/2547/Bank%20Leumi%20Le-Israel%20BM>

bidrar til å utvikle, utvide eller oppretthalde busetnader (inkl. lån); 3) bruk av naturressursar til forretningsformål.²⁷¹

Fleire selskap og investeringsfond har trekt ut sin investeringar av banken eller vurdert banken som utelukka frå investeringar. Rapporten frå «Don't buy into occupation» (2024) skriv bl.a. at det franske bank- og forsikringsselskapet AXA har trekt ut sine investeringar.²⁷² Bank Leumi inngår også som ein av seks bankar som det statlege «Ireland Strategic Investment Fund» i april 2024 annonserte at dei trekk seg ut av pga. aktivitetar i okkuperte palestinske område.²⁷³ I juni 2021 inkluderte KLP Bank Leumi på lista over selskap ein utelukkar frå investeringar²⁷⁴, og banken står også på ei tilsvarande liste hjå Storebrand.²⁷⁵ Andre selskap som tidlegare har ekskludert banken frå sine porteføljar er bl.a. det nederlandske pensjonsfondet ABP, det danske pensjonsfondet Sampension og den svenske banken SEB.

Døme på konkret involvering i okkuperte område

Nettstaden «whoprofits.org»²⁷⁶ rapporterer at Bank Leumi står bak ei rekke lån til prosjekt i okkuperte område:

- I april 2024 blei Bank Leumi vald til å leie finansieringa av bygginga av «Blue Line» til Jerusalem Light Rail (JLR), til et anslått beløp på 1 milliard NIS. JLR-nettverket bind israelske busetnader i det okkuperte Aust-Jerusalem saman med sentrum av byen og den vestlege sida, noko som skaper territoriell kontinuitet og lettar busettaranes kommunikasjon, samstundes som det eksproprierer palestinsk land og fragmenterer palestinske samfunn.
- I mars og april 2024 ga Bank Leumi to lån til Leo Properties A.B.D.-selskapet, med sikkerheit i to tomter på ca. 37 497 m² i Ariel West industrisone på landområde som høyrer til den palestinske byen Hares.

²⁷¹ FNs høgkommissær for menneskerettar. (30.6.2023). OHCHR update of database of all business enterprises involved in the activities detailed in paragraph 96 of the report of the independent International fact-finding mission to investigate the implications of the Israeli settlements on the civil, political, economic, social and cultural rights of the Palestinian people throughout the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem. <https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session31/database-hrc3136/23-06-30-Update-israeli-settlement-opt-database-hrc3136.pdf>

²⁷² Don't Buy Into Occupation. (november 2024). Don't Buy into Occupation IV report. https://dontbuyintooccupation.org/wp-content/uploads/2024/11/2024_DBIO-IV-report.pdf

²⁷³ Finansdepartementet, Den irske regjeringa (5.4.2024). Minister McGrath notes NTMA confirmation of divestment from certain investments in the Occupied Palestinian Territory. Pressemelding. <https://www.gov.ie/en/department-of-finance/press-releases/minister-mcgrath-notes-ntma-confirmation-of-divestment-from-certain-investments-in-the-occupied-palestinian-territory/>

²⁷⁴ KLP. (juni 2021). Beslutning om å utelukke selskaper med tilknytning til bosetningene på Vestbredden.

<https://www.klp.no/om-klp/samfunnsansvar/artikler/derfor-ekskluderer-klp-16-selskaper-etter-fn-rapport/Beslutning%20om%20%C3%A5%20utelukke%20selskaper%20med%20tilknytning%20til%20bosetningene%20p%C3%A5%20Vestbredden.pdf>

²⁷⁵ Storebrand. (2024). Storebrand Exclusion List.

https://www.storebrand.com/sam/nl/asset-management/sustainability/our-method/exclusions/_/attachment/inline/db66803d-c51c-435f-b04a-f67a2bcd9796:7249f9e1d2c8e7490ae0736d47902e3c7c70ecc8/Exclusions-Q3-2024.pdf

²⁷⁶ Who Profits. (oppdatert 13.8. 2024). Bank Leumi. <https://www.whoprofits.org/companies/company/3790>

- I mars og april 2024 ga Bank Leumi Boneich Construction Development & Investments company to lån for bygging av 21 bueiningar i eit område på 3 415 m² i busetnaden Efrat på landområde som høyrer til den palestinske byen al-Khader.
- I juni 2023 ga Bank Leumi Hasid Brothers Building Contracting Co. eit lån til ei utviklingskontrakt i eit område på ca. 3 222 m² nær Armon HaNatziv-promenaden i busetnadsområdet Talpiot East i det okkuperte Aust-Jerusalem knytt til utvikling av eit område for hotell og turisme.
- I mars 2023 ga Bank Leumi to lån til Hasid Brothers Building Contracting Co., med sikkerheit i tre tomter i eit utviklingsprosjekt med eit bustadkompleks og offentlege bygningar i Ramot-busetnadsområdet i det okkuperte Aust-Jerusalem.
- Banken har også gjett lån til andre byggeselskap og bidratt til å finansiere etableringa av kjøpesenteret «Design City», som opna i juli 2021. Design City ligg i industrisonen Mishor Adumim i busetnaden Ma'ale Adumim på den okkuperte Vestbreidda.
- Nettstaden skriv også at banken har gjeve lån til andre byggeselskap som er aktive i okkuperte område.

Kartleggingsprosjektet «Investigate» til kveker-organisasjonen «The American Friends Service Committee», skriv også at banken har gjett lån til ei rekkje byggjeselskap sine prosjekt på okkuperte område på Vestbreidda.²⁷⁷ Nettsida trekker på same måte som «Who profits» fram etableringa av kjøpesenteret «Design City» i okkuperte område og finansiering av ekspansjonen av «Jerusalem Light Rail». Nettstaden peikar dessutan på at Bank Leumi driv filialar i ulovlege busetnader på Vestbreidda og Golan-høgda og eig 20% av transportselskapet Taavura Holdings, som er tungt involvert i okkupasjonen (oppdatert 12.8. 2022).

Bankens aktivitetar i relasjon til retningslinene for Oljefondet

Den mest relevante paragrafen i Oljefondets retningslinjer er her § 4a og særleg § 4b:

- Observasjon eller utelukkelse kan besluttast for selskaper der det er en uakseptabel risiko for at selskapet medvirker til eller selv er ansvarlig for:
- a. grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene
 - b. alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner

Etikkrådet skriv om sine fortolkingar av paragrafane i ulike dokument, bl.a. i brev til Noregs Bank av 19.12.2024, der dei rår banken til å trekke ut Oljefondets investeringar i selskapet «Paz Retail and Energy Ltd».²⁷⁸ I brevet visast det til tidlegare tilfelle der rådet har anbefalt de-investering i israelske selskap:

I tidligere saker har Etikkrådet blant annet lagt vekt på om selskapenes aktivitet har betydning for at normbruddet skal kunne finne sted, og sannsynligheten for at selskapenes aktivitet eller tilknytning som kan danne grunnlag for utelukkelse, vil

²⁷⁷ Investigate. (U.å). Bank Leumi Le-Israel BM. <https://investigate.afsc.org/company/bank-leumi-le-israel>

²⁷⁸ Etikkrådet, Statens pensjonsfond utland. (19.12.2024). Tilrådning om å utelukke Paz Retail and Energy Ltd fra Statens pensjonsfond utland. Brev til Norges Bank. <https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/sites/275/2025/05/Paz-Retail-and-Energy-NO.pdf>

vedvare. Rådet har lagt vekt på om selskapenes bidrag er sporadiske eller om de har en permanent tilstedeværelse i det okkuperte området, samt om selskapene produserer og selger rent generiske produkter, eller om det er produkter eller tjenester som er spesielt tilpasset bruk i området.

I vurderinga av Paz skriv rådet vidare at:

I tråd med praksis i tidligere saker legger Etikkrådet bl.a. vekt på om Paz' virksomhet har betydning for opprettholdelsen av bosettingene utover å dekke grunnleggende behov, og at selskapet har en permanent tilstedeværelse i området.

Paz eig og driv bensinstasjonar i ni israelske busetnader på Vestbreidda og forsyner busetnadene med drivstoff. Rådet konkluderer med at:

Ved å drive infrastruktur for leveranse av drivstoff til israelske bosettinger, medvirker Paz til at bosettingene opprettholdes. Bosettingene er etablert i strid med folkeretten, og deres opprettholdelse utgjør et pågående folkerettsbrudd. Etikkrådet anser derfor at Paz medvirker til folkerettsbrudd på en måte som gir grunnlag for å anbefale at selskapet utelukkes fra SPU. Det er vidare ingen indikasjoner på at Paz' virksomhet vil opphøre. Etikkrådet anser derfor at den framtidige risikoen for at selskapet medvirker til grove normbrudd, er uakseptabel. På bakgrunn av det overstående anser Etikkrådet at Paz bør utelukkes fra SPUs investeringer.

Når det gjeld Bank Leumi, så finansierer banken altså, som vist over, byggjeprojekt og utvikling av infrastruktur i okkuperte område. Banken bidrar dermed på ein svært direkte måte til at dei ulovlege busetnadene ikkje bare blir oppretthalde, men også utvida. Informasjonen som ligg føre, gjev også grunn til å konkludere med at verksemda er permanent. Det er derfor vanskeleg å sjå korleis bankens verksemd skal kunne oppfattast som meir akseptabel i høve til retningslinene enn det å drive infrastruktur for leveranse av drivstoff til israelske busetnader (jfr grunngjevinga for de-investeringa i Paz).

Det er i denne samanhengen også verdt å merke seg FNs høgkommissærs rapport "Israeli settlements in the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan" (A/HRC/58/73)²⁷⁹ frå mars 2025 (altså gjett ut etter Etikkrådets vurdering over). Rapporten viser til at dei illegale busetnadene har blitt utvida og at overgrep mot palestinarane i dei okkuperte områda har blitt ytterlegare forsterka i perioden kartlegginga er utført (1. november 2023 til 31. oktober 2024). Rapporten peikar på at den auka overføringa av makt over det okkuperte palestinske territoriet til den sivile regjeringa i Israel legg til rette for konsolidering og utviding av israelske busetnader og tvangsflytting av den palestinske folkesetnaden. Dette har dessutan mogleggjort ei auka integrering av den okkuperte Vestbreidda i staten Israel, og institusjonaliserer i følgje rapporten langvarige

²⁷⁹ FNs høgkommissær for menneskerettar. (18.3.2025). Israeli settlements in the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan - Report of the United Nations High Commissioner for Human Rights.
<https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session58/a-hrc-58-73-infographic-march2025.pdf>

mønster av systematisk diskriminering, segregering, undertrykking, dominans, vald og andre umenneskelege handlingar mot det palestinske folket, samt kontroll over dei okkuperte territoria. Rapporten viser også konkret til korleis dei israelske busetnadene stadig er blitt utvida og viser talmateriale over brot på palestinaranes rettar bl.a. gjennom restriksjonar på palestinarars rørslefridom og gjennom vald frå busetjarar. Når det gjeld forpliktingane til tredjestatar i denne situasjonen, understrekar rapporten tydeleg den internasjonale domstolen (ICJ) sin rådgjevande uttale av 19. juli 2024 om at “(...) States are under an obligation not to render aid or assistance in maintaining the situation created by the continued presence of Israel in the Occupied Palestinian Territory.”²⁸⁰

²⁸⁰ FNs høgkommissær for menneskerettar. (18.3.2025). Israeli settlements in the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem, and in the occupied Syrian Golan - Report of the United Nations High Commissioner for Human Rights.
<https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session58/a-hrc-58-73-infographic-march2025.pdf>

Mizrahi Tefahot Bank Ltd

Redigert av Håvard Brede Aven 29. september 2025.

Vi har funne dokumentasjon på at selskapet bidreg direkte til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar. Selskapet utgjer derfor ein uakseptabel risiko for brot på Oljefondets etiske retningslinjer.

Mizrahi Tefahot Bank er ein av dei største bankane i Israel.

Det irske strategiske investeringsfondet (Ireland Strategic Investment Fund, ISIF) trekte seg ut våren 2024, og grunngav avgjerda med at selskapet hadde aktivitet på okkupert palestinsk territorium.²⁸¹ Banken står også på Storebrand si eksklusjonsliste per første kvartal 2025, i kategorien «Conduct-based exclusion - Human Rights and International Law».²⁸² KLP ekskluderte banken i 2021, ettersom fordi den var oppført i FNs høgkommissær for menneskerettar si oversikt over selskap med aktivitet i israelske busetnader på okkupert palestinsk territorium.²⁸³

Ifølge FNs høgkommissær for menneskerettar sin database har banken vore involvert i «The provision of services and utilities supporting the maintenance and existence of settlements, including transport», «Banking and financial operations helping to develop, expand or maintain settlements and their activities, including loans for housing and the development of businesses» og «The use of natural resources, in particular water and land, for business purposes».²⁸⁴

Who Profits Research Center gir fleire konkrete døme på at Mizrahi Tefahot Bank Ltd skal ha sørga for finansiering til utbygging av nye busetnader på okkupert territorium, særleg frå 2023 og tidlegare (seinast Ramat Shlomo i Aust-Jerusalem). I tillegg skal banken gi lån til dei

²⁸¹ Department of Finance (Irland). (2024, 5. april.) *Minister McGrath notes NTMA confirmation of divestment from certain investments in the Occupied Palestinian Territory* [Pressemelding]. <https://www.gov.ie/en/department-of-finance/press-releases/minister-mcgrath-notes-ntma-confirmation-of-divestment-from-certain-investments-in-the-occupied-palestinian-territory/>

²⁸² Storebrand. *Storebrand exclusion list Q1 2025*. https://www.storebrand.com/sam/no/asset-management/sustainability/our-method/exclusions/_attachment/inlin e/d89be039-605a-486a-b7f6-4881dfeeeabf:5acaaa243fd1f99be00c2ddaad1dc0e9c5bfb58a/Exclusions-Q1-2025.pdf

²⁸³ KLP (2021, 5. juli). *Why KLP is excluding 16 companies following UN report*.

<https://www.klp.no/en/press-room/why-klp-is-excluding-16-companies-following-un-report>

²⁸⁴ FNs høgkommissær for menneskerettar. (2023, 30. juni). *OHCHR update of database of all business enterprises involved in the activities detailed in paragraph 96 of the report of the independent international factfinding mission to investigate the implications of the Israeli settlements on the civil, political, economic, social and cultural rights of the Palestinian people throughout the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem*. Henta frå <https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session31/database-hrc3136/23-06-30-Update-israeli-settlement-opt-database-hrc3136.pdf>

styrande organa i fleire busetnader på Vestbredden (og Golan).²⁸⁵ Nettsidene til Who Profits Research Center viser ikkje til konkrete kjelder for desse opplysingane, men dei meir utførlege (men eldre) rapportane viser mellom anna til israelske eigedomsregister og arealplaner.²⁸⁶ Vi har ikkje funne oversikter som er oppdaterte etter 2024, men heller ikkje noko som tyder på at dei ikkje lenger gir slike lån.

Oljefondet eigde 0.63 prosent av aksjane i Mizrahi ved utgangen av 2024. Eigarskapen har veksla mellom 0.63 og 1.19 prosent dei siste åra.²⁸⁷ Selskapet var ikkje ekskludert frå Oljefondet per mai 2025, og syntest heller ikkje å vere under såkalla observasjon.²⁸⁸

Oppsummering av risiko og eigarskap per september 2025:

Oljefondet selde seg ut av selskapet innan 26. august 2025, og oppgjer at det skjedde etter tilrådingar frå Etikkrådet 2. juli 2025. I ei pressemelding er nedsalet i dette og fem andre grunngjeve med «uakseptabel risiko for at selskapene medvirker til alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner».²⁸⁹ Etikkrådets tilråding viser til at Mizrahi tilbyr «finansielle tjenester som er en nødvendig forutsetning for byggeaktivitet i israelske bosettinger på Vestbredden (...)».²⁹⁰

²⁸⁵ Who Profits Research Center. (u.å.) *Mizrahi Tefahot Bank*. Lest 19. mai 2025 på

<https://www.whoprofits.org/companies/company/3753?mizrahi-tefahot-bank>

²⁸⁶ Who Profits Research Center. (2017). *Financing Land Grab. The Direct Involvement of Israeli Banks in the Israeli Settlement Enterprise*.

https://www.whoprofits.org/writable/uploads/publications/1668630886_81fd6b82b80761f6a853.pdf.

²⁸⁷ Norges Bank Investment Management. (u.å). *Investeringsoversikt*. Henta 20. mai 2025 frå

<https://www.nbim.no/no/investeringene/investeringsoversikt#/>

²⁸⁸ Norges Bank Investment Management. (2025, oppdatert 11. mai). *Observation and exclusion of companies*.

<https://www.nbim.no/en/responsible-investment/ethical-exclusions/exclusion-of-companies/>

²⁸⁹ Norges Bank Investment Management. (2025, 25. august). *Beslutninger om utelukkelse*. [Pressemelding]. Henta frå

<https://www.nbim.no/no/nyheter-og-innsikt/presserom/pressemeldinger/2025/beslutninger-om-utelukkelse/>

²⁹⁰ Etikkrådet. (2025, 25. august). *Mizrahi Tefahot Bank Ltd*. <https://etikkradet.no/mizrahi-tefahot-bank-ltd/>. Sjø også Etikkrådet. (2025, 2. juli). *Tilråding om å utelukke Mizrahi Tefahot Bank Ltd fra Statens pensjonsfond utland*. Henta frå <https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/sites/275/2025/08/Mizrahi-NO.pdf>

First International Bank Of Israel Ltd

Redigert av Håvard Brede Aven 29. september 2025.

Vi har funne dokumentasjon på at selskapet bidreg direkte til grove eller systematiske krenkingar av menneskerettane og/eller alvorlege krenkingar av individ sine rettar i krig og konfliktsituasjonar. Selskapet utgjer derfor ein uakseptabel risiko for brot på Oljefondets etiske retningslinjer.

Oljefondet selde seg ut av selskapa FIBI og First International Bank of Israel innan 26. august 2025, og oppgjer at det skjedde etter tilrådingar frå Etikkrådet 25. juni. I ei pressemelding er nedsalet i desse og fire andre grunngjeve med «uakseptabel risiko for at selskapene medvirker til alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig eller konfliktsituasjoner».²⁹¹ Etikkrådets tilråding viser til at First International Bank of Israel og FIBI tilbyr «finansielle tjenester som er en nødvendig forutsetning for byggeaktivitet i israelske bosettinger på Vestbredden (...)».²⁹²

First International Bank of Israel er ein av dei største bankane i Israel. Banken er deleigd og langt på veg kontrollert av FIBI Holdings Ltd.

Det irske strategiske investeringsfondet (Ireland Strategic Investment Fund, ISIF) trekte seg ut våren 2024, og grunngav avgjerda med at banken hadde aktivitet på okkupert palestinsk territorium.²⁹³ Banken står også på Storebrand si eksklusjonsliste per første kvartal 2025, under «Conduct-based exclusion - Human Rights and International Law».²⁹⁴ KLP trekte seg ut i 2021, grunngjeve med at banken var oppført i FNs høgkommissær for menneskerettar si oversikt over selskap med aktivitet i israelske busetnader på okkupert palestinsk territorium.²⁹⁵

²⁹¹ Norges Bank Investment Management. (2025, 25. august). *Beslutninger om utelukkelse*. [Pressemelding]. Henta frå

<https://www.nbim.no/no/nyheter-og-innsikt/presserom/pressemeldinger/2025/beslutninger-om-utelukkelse/>

²⁹² Etikkrådet. (2025, 25. august). *First International Bank Of Israel/ FIBI Holdnings Ltd*. Henta frå <https://etikkradet.no/first-international-bank-of-israel-fibi-holdnings-ltd/>. Sjå også Etikkrådet. (2025, 25. juni). *Tilråding om å utelukke First International Bank Of Israel Ltd/The og FIBI Holdings Ltd fra Statens pensjonsfond utland*. Henta frå

<https://files.nettsteder.regjeringen.no/wpuploads01/sites/275/2025/08/First-International-Bank-Of-Israel-Ltd-FI-BI-NO.pdf>

²⁹³ Department of Finance (Irland). (2024, 5. april.) *Minister McGrath notes NTMA confirmation of divestment from certain investments in the Occupied Palestinian Territory* [Pressemelding].

<https://www.gov.ie/en/department-of-finance/press-releases/minister-mcgrath-notes-ntma-confirmation-of-divestment-from-certain-investments-in-the-occupied-palestinian-territory/>

²⁹⁴ Storebrand. *Storebrand exclusion list Q1 2025*.

https://www.storebrand.com/sam/no/asset-management/sustainability/our-method/exclusions/_/attachment/inline/d89be039-605a-486a-b7f6-4881dfeeeabf:5acaaa243fd1f99be00c2ddaad1dc0e9c5bfb58a/Exclusions-Q1-2025.pdf

²⁹⁵ KLP (2021, 5. juli). *Why KLP is excluding 16 companies following UN report*.

<https://www.klp.no/en/press-room/why-klp-is-excluding-16-companies-following-un-report>

Ifølge FNs høgkommissær for menneskerettar sin database (oppdatert 2023), var banken involvert i «The provision of services and utilities supporting the maintenance and existence of settlements, including transport», «Banking and financial operations helping to develop, expand or maintain settlements and their activities, including loans for housing and the development of businesses» og «The use of natural resources, in particular water and land, for business purposes».²⁹⁶

Who Profits Research Center gir fleire konkrete døme på bankens medverknad til busetnader i Aust-Jerusalem og på Vestbredden, men oppgir ikkje kjelder for dette. Blant anna skal banken ha gitt lån til selskapet Ram Aderet i fleire omgangar for utbygging i den nye busetnaden Givat HaMatos i Aust-Jerusalem (seinast i 2024), med sikkerheit i selskapets kontraktar og rettar i busetnaden. Per 2024 sørga banken for lån til lokalstyret i fleire busetnader i Aust-Jerusalem og Vestbredden, mellom andre Beitar Ilit og Ariel - der banken også har filialar - og Karnei Shomron. Banken skal også ha filialar i israelske militærbasar og yter banktenester til det israelske forsvarsdepartementet.²⁹⁷ Dersom mykje av dette stemmer, synest det å vere ein klar risiko for at banken bidrar til å oppretthalde ulovlege busetnader og til menneskerettsbrot.

Oljefondets eigarskap var på 0.99 prosent ved utgangen av 2024. Eigarskapen var på 1.59 prosent i 2020, auka til 2.12 prosent i 2022, før den blei gradvis redusert.²⁹⁸ Selskapet var ikkje ekskludert frå Oljefondet per mai 2025, og syntest heller ikkje å vere under såkalla observasjon.²⁹⁹

²⁹⁶ FNs høgkommissær for menneskerettar. (2023, 30. juni). *OHCHR update of database of all business enterprises involved in the activities detailed in paragraph 96 of the report of the independent international factfinding mission to investigate the implications of the Israeli settlements on the civil, political, economic, social and cultural rights of the Palestinian people throughout the Occupied Palestinian Territory, including East Jerusalem*. Henta frå <https://www.ohchr.org/sites/default/files/documents/hrbodies/hrcouncil/sessions-regular/session31/database-hrc3136/23-06-30-Update-israeli-settlement-opt-database-hrc3136.pdf>

²⁹⁷ Who Profits Research Center. (u.å.). *First International Bank Of Israel Ltd*. Lest 19. mai 2025 på <https://www.whoprofits.org/companies/company/3818>

²⁹⁸ Norges Bank Investment Management. (u.å.). *Investeringsoversikt*. Henta 20. mai 2025 frå <https://www.nbim.no/no/investeringene/investeringsoversikt#/>

²⁹⁹ Norges Bank Investment Management. (2025, 11. mai). *Observation and exclusion of companies*. <https://www.nbim.no/en/responsible-investment/ethical-exclusions/exclusion-of-companies/>

Phoenix Financial Ltd

Redigert av Sissel Rosland, 4.11.2025.

Rapporten bygger på Pål Nygaards dokument fra 30. juni 2025.

Vi har funnet dokumentasjon på at selskapet bidrar direkte til grove eller systematiske krenkelser av menneskerettighetene og/eller alvorlige krenkelser av individers rettigheter i krig og konfliktsituasjoner. Selskapet utgjør derfor en uakseptabel risiko for brudd på Oljefondets etiske retningslinjer.

NBIM har pr. 30.06.2025 aksjer i selskapet for 730 216 427 NOK, som tilsvarer 0,99 % av aksjene.³⁰⁰

Phoenix er en av Israels største finans-bedrifter, og driver med forsikring, kreditt og utlån. Forskningscenteret Who profits har dokumentert at Phoenix har bidratt med finansiering og forsikring av både privat- og forretnings-eiendom i flere bosetninger i okkuperte palestinske områder.³⁰¹ Blant annet eier Phoenix 70% av Ramot kjøpesenter, som er strategisk plassert i den ulovlige bosetningen Ramot i Øst-Jerusalem og er Jerusalems andre største kjøpesenter.³⁰²

I tillegg til å ha bidratt til finansiering og forsikring av mange eiendommer på ulovlig okkupert palestinsk territorie, så har Phoenix selv, eller gjennom sine datterselskap, deleierskap i:

- a. Sammen med Clal, Harel og Menoah finansierer Phoenix en rekke militære baser og politistasjoner i Naqab-ørkenen som brukes i Israels store "Move south" prosjekt, som handler om å tvangsflytte palestinere fra Israel.³⁰³
- b. Sammen med Bank Hapoalim og Harel Insurance er Phoenix del av et konsortium som stod for 80% av finansieringen av Emek Habacha Wind Project (omlag 150 millioner USD) på de ulovlig okkuperte Golan-høydene.
- c. 6,87 % av aksjene i Afcon Holdings, som skal bygge ut Arand Wind Project, som også er en vindmøllepark på de ulovlig okkuperte Golan-høydene. Disse vindmøllene blir bygget på jord eid av syriske bønder.
- d. 8.45% av aksjene i Enlight Renewable Energy, et selskap som driver flere energiprojekt på de ulovlig okkuperte Golan-høydene

³⁰⁰ Norwegian Bank Investment Management (u.å.). *Investeringsoversikt pr. 30.06.2025*. Hentet 4.11.2025. <https://www.nbim.no/no/investeringene/investeringsoversikt/#/2025/investments/equities/2586/Phoenix%20Financial%20Ltd>

³⁰¹ Who Profits Research Center (u.å.). *Phoenix financial*. Hentet 15. juni 2025. <https://www.whoprofits.org/companies/company/7348?the-phoenix-holdings>

³⁰² Ynet news (2009, 17. oktober). "Jerusalem's 2nd biggest mall to open in 2011". Ynet news. Hentet 25. juni 2025. <https://www.ynetnews.com/articles/0.7340.L-3954217.00.html>

³⁰³ Who Profits Research Center (2022). *Insuring dispossession: The Complicity Of Five Israeli Insurance And Pension Fund Companies In Israeli Violations Of Palestinian Rights*. Hentet 25. juni 2025. <https://www.whoprofits.org/writable/uploads/old/uploads/2022/11/Insuring-Dispossession-Flash-Report-1.pdf>, s. 10.

